



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Etter adresseliste

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2019/1942 - 30545/2019	Håkon Slutaas, 71 28 03 52	01.04.2019

Høring av planprogram og hovudutfordringar for regional vassforvaltningsplan 2022-2027

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit for Møre og Romsdal vassregion og har ansvar for å koordinere arbeidet etter vassforskrifta og ferdigstille og vedta regional forvaltningsplan.

Gjeldande regional vassforvaltningsplan for perioden 2016-2021 vart godkjent av fylkestinget 8. desember 2015, og godkjent av Klima- og miljødepartementet i juli 2016. Hausten 2018 starta arbeidet med oppdatering og rullering av regional vassforvaltningsplan med tiltaksprogram for Møre og Romsdal vassregion for planperioden 2022-2027. Første del av arbeidet er utarbeiding av planprogram og beskriving av hovudutfordringar i regionen. Planprogram og hovudutfordringar leggjast no ut på høring i perioden 1. april til 30. juni 2019. [Dokumenta finn du her.](#)

Nasjonale føringar for vassforvaltningsarbeidet

Nasjonale myndigheiter har etter at dokumenta vart behandla politisk kome med nasjonale føringar. Desse må leggjast til grunn for det vidare arbeidet:

[Nasjonale føringar for vassforvaltningsarbeidet](#)

Planprogram

Planprogrammet beskriv korleis planarbeidet skal gjerast fram mot revidert og oppdatert vassforvaltningsplan med tiltaksprogram. Formålet er å klargjere *kva* som skal gjerast *når*, og av *kven*. Planprogrammet skal sikre tidlig medverknad, gode prosessar og skal synleggjere *kva* som skjer på ulike tidspunkt i planarbeidet. Det er eit mål at alle som har interesse for vatn og vassforvaltning, eller som potensielt kan bli påverka av planen, skal ha høve til å delta og kome med innspel. Vi ønsker spesielt innspel til:

- kapitel 6 om endring av organisering
- kapitel 8 med plan for medverknad og som tydeliggjer ansvaret for statlege sektormyndigheiter og kommunar om å følgje opp vassforvaltningsarbeidet
- kapitel 9 om tema og utgreiingar. Oppdatering av kunnskap, oppdatering av miljømål, kost-nytte, klimaendringar, drikke- og badevatn, landbruk, avløp, SMVF, miljøgifter og plast er tema det bør jobbast ekstra med fram mot oppdatert vassforvaltningsplan.

Hovudutfordringar

Dokumentet om hovudutfordringar tek utgangspunkt i det som var dei viktigaste utfordringane i førre planleggingsrunde, og beskriv *kva* utfordringane er i dag. Dette er utfordringane som skal setjast på dagsordenen, og som vi skal arbeide vidare med fram mot oppdatert forvaltningsplan og tiltaksprogram.

Eit viktig grunnlag for hovudutfordringane i vassregionen er hovudutfordringane i dei enkelte vassområda. Desse ligg derfor som vedlegg til høyringsdokumentet.

Alle har anledning til å kome med innspel. Om ønskeleg kan skjema for høyringsinnspel nyttast, men innspel kan sjølvstøtt formulert på fritt grunnlag.

Innspel til dokumenta sendast Møre og Romsdal fylkeskommune med **høyringsfrist 30. juni 2019**

Innspel sendast til:
Vassregionmyndigheita for Møre og Romsdal vassregion
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
Julsundvegen 9
6412 Molde

Epost: **post@mrfylke.no**

Med helsing

Birgit Aarønæs
seksjonssjef

Håkon Slutaas
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur